



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.11.2015
Vår ref.: 2015/10345-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/3313-15/30459

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - Håland - gnr 143 bnr 1 - dispensasjon - deling av grunneigedom - ny bustad - Lindås kommune

Viser til brev datert 22.09.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev datert 26.10.2015 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 29.10.2015. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi. Det er difor ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt i samband med opparbeiding av feltet, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
konstituert fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.